

## **Skildring av semesteroppgåva**

I løpet av semesteret skal du planleggje og gjennomføre eit prosjekt som skal danne grunnlaget for semesteroppgåva. Prosjektet bør vise at du kan samle inn språklege data og gjere grundige og godt eigna analysar av dette materialet. De står fritt til å velje kva prosjektet skal handle om, men det bør være godt forankra i emnets tematikk.

## **Arbeidskrav: Prosjektskildring**

Arbeidet med oppgåva startar med arbeidet med ei prosjektbeskriving. Prosjektbeskrivinga gjer greie for korleis språkdata til semesteroppgåva (eksamensarbeidet) skal samlast inn og formulerer problemstilling(ar) knytt til materialet. Språkdata kan samlast inn enten som feltarbeid i skolen, eller på annan måte. Datainnsamling kan skje i grupper, og skal skje i samråd med faglærer. Målform: bokmål eller nynorsk.

*Førsteutkastet skal vere ferdig og leverast 23. september.*

## **Semesteroppgåve – formelle krav**

Eksamensoppgåva er ei semesteroppgåve på 10-15 sider (5000 ord +/- 10%) Litteraturliste og eventuell framside eller innhaldsliste kan komme i tillegg til oppgåvas omlag 5000 ord.

Dersom det er vedlegg til oppgåva, skal desse settast inn etter litteraturlista. Det bør også stå noko om kva vedlegga består av og kvifor dei er lagt ved.

Font: Times New Roman

Storleik: 12 pkt

Vanlege margar

1,5 linjeavstand

Målforma er valfri: bokmål eller nynorsk.